



Arkivnr: 2015/203-21

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr**

### **Samandrag**

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. september 2015. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå 5 bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av SEB Merchant Banking.

### **Vedtak**

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta fram til 8. desember 2015 er 1,51 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.09.2015**

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. september 2015. Renta på lånet har vore 1,579 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde, og ein har fått inn desse tilboda:

	<u>Nominell rente</u>
SEB Merchant Banking	1,510 %
Swedbank	1,540 %
DNB Markets	1,586 %
Danske Markets	1,590 %
Nordea Markets	1,600 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking.